



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3769 - 22/56935

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
14.07.2022

Saksnummer 2022/7129 - søknad om kvotefri avskyting av hjortekalv - Alver kommune

Alver kommune har rundt 2500 grunneigarar og 500 PT berettiga bønder. Tilbakemeldingar frå aktive bønder er at skade av hjort på jord- og skogbruk utgjer ein betydeleg økonomisk belastning, og at konfliktnivået mellom forskjellige interessentar er aukande.

Skadenivået er sjølvklart lokalt differenstert med høyste belastningsgrad på Nord Radøy der avlivingstap på eit enkelt mjølkebruk i 2020 er estimert til kr. 153.550 på en driftsplan på 530 fem/ 370 daa (Tine Rådgeving). Avlivingstap på same bruk vert vurdert av Forsøksringen Hordaland i 2006 til kr. 73.088.

Alver kommune hadde prøveruter i gamla Lindås kommune i Nibio prosjektet «Verknad av hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog av gran og furu, Beiteskadar – hjort – skog» Prosjekt: 10229. Prosjektet viser beiteskadar på gran i hogstklasse 2 på 22,9% og borgnagskade på hogstklasse 3 og 4 avhengig av bonitet på mellom 8,5-31,6%.

Alver kommune søkjar med dette Miljødirektoratet om kvotefri jakt på hjortekalv for jaktåret 2022/2023. Dette gjeldande for alle hjortevald og BPO i kommunen. Ei søknad gjeldande for heile kommunen tar utgangspunkt i den omfattande kartlegginga som blei gjort under utarbeiding av bestandsplan for Nordhordland bestandsplanområde i 2015-2016. Planen byggjer på samforvaltning av hjortepopulasjonen i dåverande Fedje, Austrheim, Askøy, Meland, Radøy og Lindås kommunar. Avgrensinga av nemnde kommunar blei gjort for å femne om heile årsleveområdet til størstedelen av hjorten i områda, og blei gjort med grunnlag i kunnskap om hjortens områdebruk (merkjeforsøk og lokalkunnskap). Alver kommune vel å følgje dei føringar som det blei konkludert med i prosjektet og vil introdusere fri kalv i heile ansvarsområda for høgast mogleg konfliktdepande og bestandsforbetrande effekt.

Alver kommune har og ansvar for forvaltning av hjort i Fedje, Modalen og Austrheim kommunar og administrasjonen er i dialog med grunneigarar i nemnda kommunar om interesse for fri kalv avskyting.

Alver kommune jobbar målretta på fleire nivå i hjorteforvaltninga med ny kommunal målsetting, igangverande 3 års reduksjons- og demografisk forbetrande avskytings prosjekt, redusert og differensierte minsteareal og vektavhengige fellingsavgifter.

Tannsnitt og kohort analysen sesong 2021 visar ein veldig urovekkande tendens til at hovuddelen av hodyra i snitt blir kjønnsmodne som 2-3-åringer og startar å produsere kalv ved ca. 3-4 års alder. Dette må sjåast i kombinasjon med at mindre enn 60% av hodyr er i produksjon og at kalv har tappt vekt sidan 2013 då ein byrja slaktvekt innberetning (hannkalv: - 3,57kg, hokalve: -2,02kg).

På tross av tildeling av hann/ho/kalv på 20/40/40 i jakt sesong 2021 vart kun 32% av kalveårgangen tatt ut (383stk/1177stk). Den endra kjønnsamansetting i bestanden etter utfaket sesong 2021 vil redusera den estimerte kalvesettinga til 955 kalvar sommar 2022. Ved vidareført uttaksnivå av kalv sesong 2022 vil kun rundt 40% av kalveårgangen bli tatt ut (383stk/955stk).

Integrering av kvotefri avskyting av hjortekalv i den lokale forvaltninga av hjort er vurdert til å ha kraftig konfliktdempande og bestandsforbetrande effekt. Tiltaket er hovudsaklik eit reiskap til reduksjon av dei stasjonære hodyrflokkar som gjer omfattande skade lokalt på landbruksareal, samt økonomisk kompensasjon for skader på avlingane igjennom eit auka uttak av kalv for den enkelte grunneigar. Fri kalv, i kombinasjon med vektavhengig fellingsavgift (kalv<20kg= 0kr), vil gje jegerar/grunneigarane incitament til å ta ut dårleg kondisjonerte kalvar tidleg i jakta. Dette vil klargjere dei store hodyrs flokke på innmark til eit dyreetisk naudsynt auke uttak av produserande koller seinare i sesongen. Tidleg uttak av dårleg kondisjonerte kalvar vil sikra kolla moglegheit for tidlegera vekt tilvekst og betre utvikling av nytt foster. Den direkte relasjon mellom slaktevekt på kalv, redusert paringsintensitet av fjorkoller og forsinka reproduksjon blant koller i aldersklasse 2 skal endrast gjennom eit markant auka uttak blant kalv for betre kvalitetssikring av rekrutteringa frå kalv til fjor stadiet i bestanden.

Alver kommunen håper at Miljødirektoratet vil etterkomme ynsket om kvotefri uttak av hjortekalv til heile kommunen til nedskalering av interesse- og arealbrukskonfliktar og forbetra utviklinga av ein berekraftig hjortebestand.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Lista med hjortevald som ynskjast tildelt fri uttak av kalv:

4631V0002 Gjerde
4631V0005 Marøy
4631V0006 Radøy Nord
4631V0009 Skjelvik/Valdersnes
4631V0012 Flatøy/Håøyna
4631V0015 Haukeland/vetås
4631V0016 Nordangervågen
4631V0017 Bø
4631V0018 Sæbø, Kvamme

4631V0019 Toska
4631V0020 Molvik/Mulen
4631V0022 Vestvaldet
4631V0023 Bogno
4631V0024 Søre Radøy og Askeland
4631V0025 Grindheim
4631V0026 Kvalheim
4631V0027 Radøy Midtre
4631V0028 Manger grunneigarlag
4631V0029 Pletten
4631V0030 Ystebø
4631V0031 Storheim/Tjore grunneigarlag
4631V0032 Eikanger Nedre
4631V0033 Høyland/Myhr
4631V0034 Heggertveit/Heggernes
4631V0035 Sandvik/Hagesæter
4631V0036 Fyllingsnes
4631V0037 Fyllingen
4631V0038 Sjursæter/Kleivdal/Sætre
4631V0039 Dalabygda
4631V0040 Hopsdal/Ikeland
4631V0041 Mundal
4631V0042 Husdal
4631V0043 Skår2
4631V0044 Gjelsvik/Hølleland
4631V0045 Isdal
4631V0046 Nipo
4631V0047 Dyrkolbotn
4631V0048 Stranda
4631V0049 Alverstraumen
4631V0050 Sætre
4631V0051 Eikemo
4631V0052 Lindås Hjortevald
4631V0053 Lindås Vest Hjortevald
4631V0054 Padøy
4631V0055 Nordalen
4631V0056 Eikefet
4631V0057 Andås/Stall
4631V0058 Storsæter
4631V0059 Eide Ytre
4631V0060 Bjørndal/Totland
4631V0061 Askeland/Toft
4631V0062 Helltveit

4631V0063 Vatshelle
4631V0064 Eidsheim
4631V0065 Bjørge
4631V0066 Eikanger Øvre/Eidsnes
4631V0067 Eide Indre
4631V0068 Urdal IV
4631V0069 Urdal III
4631V0070 Urdal I
4631V0071 Fjelle
4631V0072 Steinsedalen
4631V0073 Eiterdalen
4631V0074 Stusdal
4631V0075 Thorsheim/Kålås/Leivestad
4631V0076 Leivestad nord
4631V0077 Myking/Hundvingrend
Grunneigarlag
4631V0078 Fjeldsbø/Skodvin/Løtveit
4631V0079 Skår
4631V0080 Romarheim
4631V0081 Vike
4631V0082 Fiskeseth
4631V0083 Haukås/ Sætre
4631V0085 Holsnøy Storvald

Mottakarar:
Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden 7485 TRONDHEIM